

Atle Døssland

Kulturperspektiv på møte mellom bønder og embetsmenn

Arbeidshypotesar om tid og rom



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

2009

Prosjekttittel	Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder (SHP)
Prosjektansvarleg	Atle Døssland
Finansiering	Noregs forskingsråd og Høgskulen i Volda
Forfattar	Atle Døssland
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innleiing

Prosjektet vårt går ut på å studere i kva samanhengar bønder og embetsmenn møttest (arenaer), og vidare korleis møta arta seg (delprosjekt 2 og 3)¹. Inkludert er også tenkte møte – korleis gruppene oppfatta eller vurderte einannan på avstand (imaginære møte) (mest knytt til delprosjekt 1). Det er altså viktig å fokusere på korleis dei to gruppene oppfatta si eiga rolle kring dei meir fysiske møta, og korleis dei elles vurderte einannen som gruppe. Men her må ein ta høgd for at det kan vere skilnad på korleis dei framstilte dette for den målgrupper dei vende seg til og korleis det var i røynda. (Det innleiande foredraget mitt på SHP-seminaret hausten 2008 dreidde seg mykje om det.²) Vidare vil vi i kjeldene mest finne det den amerikanske sosialantropologen James C. Scott har kalla ”public transcripts”, dvs. den opne eller offisielle interaksjonen mellom dei dominante og dei undertrykte. Det er verre å få fatt i ”hidden transcripts”, dvs. den motstanden og kritikken av makta som skjer uoffisielt og tilslørð, og som makthavarar ikkje ser, høyrer eller kan spore opphavet til. Men også ulike former for dominans kan ha skjedd på løynde måtar.³

Vi må sjølvsgart definere dei to gruppene nærmare. (Jamfør her Brynjulf Gjerdåker sitt notat knytt til dette prosjektet.⁴) Utover dette bør vi ikkje legge så stor vekt på å objektivt beskrive dei to gruppene kvar for seg med omsyn til veremåte, kledrakt, forbruk, skrivekunne m.m. Det har andre gjort før. Det viktige er førestillingane dei har om einannan på slike felt. Likevel er det av interesse korleis og i kva grad dei påverka einannan.

Under dette ligg også at vi er skeptiske til ein forenkla modell: at dei to gruppene utgjorde to klart skilde kulturar: der embetsmennene høyrer til elitekulturen eller den lærde kulturen og bøndene til folkekulturen, jamfør Peter Burke.⁵ Men det vi er opptekne av er altså møta mellom dei to gruppene: korleis dei endra seg over tid og korleis dei varierte regionar

¹ Strategisk høgskuleprosjekt: *Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder*.

<http://www.hivolda.no/index.php?ID=14380>

² Atle Døssland. 2008. ”Lutter bønder vare faddere til min daab.” Det prosjektet handlar om.

http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group12/AtleDossland_Raeder.pdf

³ James C. Scott. 1989. Everyday Forms of Resistance. I: F. D. Colburn (red.): *Everyday Forms of Peasant Resistance*. New York. Thomas Ewen Slettebø. 2007. ”først som rettfærdig Dommer at straffe, og siden, som mild Fader, at forlade”. *Det dansk-norske eneveldets håndtering av Strilekriegen i Bergen 1765*: 13–19.

⁴ Brynjulf Gjerdåker. 2008. ”bonde”/”bønder”, ein omgrepseksegese knytt til den historiefaglege nasjonsbyggingsdiskursen sett gjennom hermeneutisk prisme til nokre norske historikarar frå Ernst Sars til Øystein Rian. *Høgskulen i Volda, notat nr. 9 /2008*. <http://www.hivolda.no/index.php?ID=14698>

⁵ Peter Burke. 1978. *Popular Culture in Early Modern Europe*.

imellom. Om dette kan vi formulere nokre hypotesar som vi kan ha håp om at prosjektet vil stadfeste eller falsifisere.

Vi har vore samde om å halde fast på ei målsetjing om at prosjektet vårt skal vere mogeleg å oppsummere, ikkje berre vere eit paraplyprosjekt med spreidde studiar kring tematikken i prosjekttittelen. Då treng vi i utgangspunktet samlande hypotesar som på nokre felt kan peike fram mot endelege konklusjonar. Den vidare framstillinga her er meint som bidrag til arbeids-hypotesar knytte til utvikling over tid og til regionale skilnader. Eg har her ikkje trekt inn hypotesar som gjeld norske tilhøve i høve til andre land. Men også det skulle for så vidt vere mogeleg. Kva har vi t.d. grunn til å rekne med som norske særtrekk i høve til granneland som Sverige, Danmark, Island og Skottland?

Endringar over tid

1. 1760-åra som skilje

Vi trur at både møta, rolleoppfatningane og førestellingane kan ha endra seg etter 1760-åra i høve til tidlegare.

Før hadde embetsmennene mest vore opptekne av å utøve makt særleg knytt til inndriving av skattar og avgifter (inkludert eiga økonomisk vinning). I tillegg var også militære ytingar og tenester viktige. Det var på desse felta det tidlege eineveldige styret verkeleg sette makt bak krava sine. Innanfor andre saksfelt stod regionale og lokale embetsmenn temmeleg fritt. Bortsett frå prestane, hadde embetsmennene sjeldan høgare utdanning. Først og fremst hadde dei fått praktisk opplæring som kontoristar og fullmektigar hos andre embetsmenn, eller hos folk som dreiv borgarleg næring.

Mange embetsmenn hadde minst ein fot innanfor det som vi elles forbind med borgarleg næring. Til ein viss grad hadde dette også samanheng med at den faste embetsløna ikkje vart opplevd som tilstrekkeleg, men også at store delar av løna var sportlar og andre avgifter som dei sjølv måtte kassere inn frå allmugen. Dei forskoterte skattar og avgifter for bønder for å sikre seg vareleveransar, dreiv med oppkjøp og tilverking av fisk, tømmeroppkjøp og sagbruksdrift, dreiv jektefart, heldt varelager av korn, salt, brennevin osv. Møta deira med bøndene fann difor også i stor grad stad på arenaer knytte til slike aktivitetar. Dei tettare

økonomiske banda til i alle fall ein elite mellom bøndene, hadde gjerne former som kan knytast til patron-klient-omgrepet. Alt i alt hadde ikkje embetsmennene så store motføre-stillingar mot å delta på same arenaer som bøndene, slik som marknader og gjestebod.

I andre halvdelen av 1700-talet endra dette seg. Embetsmennene fekk betra den faste delen av løna si, og det kom klarare retningslinjer kring sportlar. Krava om universitetsutdanning galdt no fleire grupper av embetsmenn. Frå 1736 kravde ein t.d. at sorenskrivarar skulle ha juridisk eksamen. Snart hadde også dei fleste futane slik utdanning.⁶ Også offisersstanden vart profesjonalisert gjennom klarare utdanningskrav.⁷ I det heile vart dei meir opptekne av nettopp det å vere embetsmenn. Dei nye prinsippa for tilsetting og tiltenkte roller for embetsmenn kan også i samsvar med Max Weber seiast å vere eit vidare steg i den overgangen som for ein stor del hadde funne stad frå patrimonial til legal autoritet.

Mange av desse embetsmennene identifiserte seg medvite med staten på ein ny og patriotisk måte. Dei hevda ein medborgarideologi som bygde på naturrettsfilosofien. Også bønder kunne vere ”fornuftige”. Den opplyse bonden var ikkje berre ei mulighet, men eit ideal. Dette innebar at embetsmannen burde vere ein opplysningspedagog. Målet var å danne (opplyse) samfunnsmedlemene til å delta i eit opinionsstyrt einevelde. I dette låg trua på fornufta som grunnlag for statsstyringa og verknaden av ”det gode eksempelet”. Embetsmennene vart då også opptekne av bøndene som studieobjekt.⁸

Er det likevel grunn for å seie at i alle høve dei pietistiske prestane var langt tidlegare ute når det gjeld idear om ei meir pågåande oppdragarroller i høve til allmugen? Men det dreidde seg då mykje meir om ein ovanfrå og ned haldning. Jamfør sjusterne prestane som alt i 1714 refsa både bønder og andre samfunnsgrupper, men dei hadde meir tru på pisken enn det gode føredømet. Det trongst strengare påbod og straffer. Rolla til presten i høve til allmugen burde vere som den strenge og rettferdige husfaren i høve til borna sine.⁹ Først og fremst trong allmugen ei betre religiøs oppseding. Konfirmasjonsordninga og forordningane om allmugeskule i 1730- og 1740-åra var i tråd med dette.

⁶ Tor Weidling. 2002. Eneveldets menn i Norge. Embetsmennene 1660–1814 som gjestearbeidere og innvandrere. *Arkivnytt* 3: 31–32.

⁷ Hans P. Hosar. 2000. *Kunnskap, dannelses og krigens krav – Krigsskolen 1750–2000*: 10–85.

⁸ Arne Apelseth. 1991. Den ”fornuftige” patriotismen. Om kulturell overføring og tileigning kring 1800. *Voldaminne*: 17–44. Atle Døssland i Atle Døssland og Arnljot Løseth. 2006. Lokalmakt og sentralmakt, periferi og sentrum. I: *Vestlandets historie* bd. 2 *Samfunn*: 264.

⁹ Atle Døssland. 1990. *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal* bd. 1: 221–26.

Elles kan endringane vi her har skildra knytst til Michel Foucaults disiplineringsteori slik han er skissert i prosjektsøknaden s. 5. Mennesket vart ein ressurs som måtte forvaltast fornuftig for å skaffe landet og regimet rikdom.

Den danske etnologen Signe Mellemgaard er også inne på dette: ”Når man ser 1700-tallets og da især slutningen af århundredet i perspektivet folk – elite, træder to ting i forgrunden”, skriv ho. For det første: opplysning og rasjonalitet innebar også ei førestilling om ”at viden formidlet til det brede folk ville forbedre deres verden”. Embetseliten ønskete å få allmugen i tale for å ”øge deres indsigt”. For det andre: slutten av 1700-talet betydde den verkelege oppdaginga av ”folket”. Ved sida av oppdragarsynspunktet oppstår smått om senn ”opmærksomhed mod det folkelige som andet end blot modtagere eller fjender af opplysningen”. Felles for desse momenta er at dei grunnleggande kviler på ”en dikotomisk opfattelse af folk og elite: at folk og elite så at sige står over for hinanden som to forskjellige og adskilte kulturer”.¹⁰ Liknande oppfatninger om dette siste finst hos historikaren Erling Sandmo og folkeminnegranskaren Anne Eriksen. I ein artikkel, som gjeld skiljet mellom folkemusikk og kunstmusikk, understrekar Sandmo endå sterkare at det dreiar seg om endra oppfatningar og konstruksjonar (diskursar): Før 1800-talet ”ble det etablert en *forestilling* om at den ”folkelige” kulturen var et sammenhengende hele”(mi utheving). ”Det som før hadde vært lokale skikker, ble nå innlemmet i et korpus av nasjonal folkekultur. Folkelig kultur ble med andre ord konstruert, funnet opp.”¹¹ Anne Eriksen hevdar at 1700-talstopografane fann bøndene og deira truer og skikkar interessante først og fremst som antikvitetar: leivningar frå ei fjern stordomstid.¹²

Mellemgaard reknar elles med, i samsvar med Peter Burke sin teori, at denne oppdaginga og medvitet om to skilde kulturar, kom av at eliten alt på 1500- og 1600-talet hadde trekt seg tilbake frå folket og deira festar, tru og skikkar. Såleis var dei umedvitne om folkekulturen.¹³ Det er truleg rett at det skjedde ei slik bevisstgjering om ein eigen folkekultur hos eliten frå slutten av 1700-talet. Likevel er eg ikkje så sikker på om eliten på den norske landsbygda

¹⁰ Signe Mellemgaard. 2002. ”Uanset Rang, Stand eller Kiøn”? Om konstitueringen af folk og elite gennem naturhistorien i 1700-tallets sidste halvdel. *Tidsskrift for kulturforskning* 1.: 6–7.

¹¹ Erling Sandmo. 2005. Atskillelsen mellom kunstmusikk og folkemusikk på 1700-tallet. I: Ola Alsvik (red.): *Musikk, identitet og sted*: 26–27.

¹² Anne Eriksen. 2008. Blant kjemper og skjoldmøyer. Folk og folkekultur i 1700-tallets topografiske litteratur. *Heimen* 4: 315–28.

¹³ Burke. 1978.

egentleg hadde trekt seg tilbake frå folkelege arenaer, slik som Burke (og Mellemgaard) hevdar.

Når Anne Eriksen beskrev sider av 1700-talstopografane si samfunnsforståing, er også dette i fullt samsvar med Signe Mellemgaard si tolking: ”Mer opplysning betød både mer mat, bedre liv og mer lykke, men ikke endringer i selve samfunnsstrukturen. Bonden skulle fremdeles være bonde, allmuen skulle være allmue som før, men en lykkelig, respektabel og respektert allmue.”¹⁴

Nokre bønder gjekk i høg grad inn i rolla som ”aktverdige medborgarar” og kunne uttrykke seg på tilsvarende måte: såleis også Lars L. Forseth (1731–1812), klokkar i Klæbu. Han såg seg sjølv som eit førebilete for andre i bonestanden, men gjorde ein dyd av å vere audmjuk i høve til dei høgare stendene: ”(...) da jeg ettertragtede for Alvor, og betragede hvad stand jeg var sadt udi, at være et Exempel for Alle, baade unge og gamle (...). Ein bonde som legg vinn på å bli ”hvad han kan og bør blive”, er både heiderleg og lykkeleg i sin stand, hevdar han. Bonden bør også vere takksam for rettleiing frå embetsmenn og annan elite: ”Mænd af andre Stæder udgiver Skrivter, som oplyse Menigmand, saa, at naar Bonestanden ville efterfølge disse Forsorgsanstalter, kunde visselig den største Deel komme at vide, og udrette meget Godt, baade til sit eget og Familens Bedste, ja Skattekammeret, til Et og Alt, Baade Stæder og Land, naar den er hvad den bør være, drivlig, vindskibelig, ædruelig, tarvelig, troe og redelig i alle sine Handlinger (...)”¹⁵ Lars L. Forseth var i sanning ingen opprørar!

Den danske historikaren Peter Henningsen ser ut til å meine at eliten rett nok kunne vere oppteken av bønder som studieobjekt og mottakarar av opplysning og oppdraging, men samstundes innebar rangordningane at det var viktig for kvar rangklasse å marker fråstand til klassene under dei. I sær gjekk dette ut over bøndene som attpå alt stod utanfor rangen.¹⁶ Spørsmålet er om rangtenkinga fekk så stort gjennomslag i den norske eliten, i sær hos embetsmennene på landsbygda. Det synest i alle fall klart at norske bønder hadde vesentleg høgare prestisje enn dei danske.

¹⁴ Anne Eriksen. 2007. *Topografenes verden. Fornminner og fortidsforståelse*: 228.

¹⁵ Lars Larsen Forseth. 1811. *Afskeeds-Ord til menig Mand i Klæbo Præstegield, og til alle i Almindelighed* (ny utg. 1923): 6, 14, 16–17.

¹⁶ Peter Henningsen. 2006. *I sansernes vold. Bondekultur og kultursammenstød i enevældens Danmark*.

Oppsummeringsvis kan vi kanskje registrere endringar med tida kring 1760 som vippespunkt om lag slik: Embetsmenn hadde fram mot denne tida til ein viss grad halde fram med å delta på folkelege arenaer. Samstundes sette dei ikkje så klare skilje mellom rolla si som representantar for styresmakta og dei meir private økonomiske og sosiale rollene. Dette prega også samkvemmet deira med bøndene med eit visst preg av patron-klient-relasjonar knytte dels til rolla som utøvarar av offentleg makt og dels til rolla som private økonomiske aktørar.

Dei nye embetsmennene sin meir private kontakt med utvalde bøndene var i større grad regisert av embetsmennene sjølv og fekk meir preg av mentor-klient-band. Dette hadde samanheng både med at den faste løna deira vart betre og reglane for sportlar klarare, men kanskje mest med at dei vart meir medvitne og knytte større prestisje til rolla si som embetsmenn. Dei ville verke til heilstatens beste. Viktig var her rolla som opplysningsmenn og folkeoppdragrarar. Men det er ikkje sikkert at på langt nær alle embetsmenn gjekk inn i denne rolla. Var det t.d. annleis med militære embetsmenn?

2. Eit skilje kring 1814 eller 1837?

For å legitimere Noreg som eige rike, vart den norske eliten kring 1814 oppteken av bøndene, i sær odelsbonden, som berarar av ein særeigene norske eigenskapar og også ein særnorsk kultur. Eit resultat av dette var at også norske bønder skulle ha plass i nasjonalforsamlinga. Embetsmennene tok i alle fall ved visse høve i bruk ein annan type retorikk om bøndene enn det som før hadde vore vanleg.¹⁷ Nokre har karakterisert dette som svermeri: "De svermet for bonden som abstraksjon; mens de var gjennomsyret av en foraktende holdning til bondelivet i praksis".¹⁸ Men var det likevel meir enn en retorikk og svermeri? Dreidde det seg verkeleg om endra haldningar til bønder og folkekultur? På Sunnmøre kan ein såleis registrere at tradisjonelle formuleringane som "Til hands Majestæts troe Arveundersaatter", eller "til hands Majestæts Skattebønder" i tida fram mot 1814 endrar seg via "agtværdige Almuesmænd af Søndmørs Bondeallmue" til "I mine kjære Landsmænd af Søndmørs Bondeallmue", og jamvel høflege tiltaleformer som "I" og "Eder" til einskildbønder.¹⁹

¹⁷ Sjå Kai Østberg. 2007. Frispråk eller ubehøvlethet? Den politiske dimensjon ved omgangstone og stil blant eliter i Norge og Sverige i 1814 og årene etterpå. *Heimen* 4: 325–42.

¹⁸ Brit Berggren. 1986. "Slekten fra 1814." Embetsstand og bønder. Om virkelighetskonstruksjoner og kulturmøter I: Reiersen og Slettan (red.): *Mentalitetshistorie. Muligheter og problemer*.

¹⁹ Døssland. 1990: 502.

Kanskje er ikkje dette nødvendigvis ei endring som einsidig skal knytast til sjølvstende-reisinga. Er det i røynda ei glidande endring som startar alt under opplysningsstida med medborgarskapsideologien? At bøndene fekk røysterett i 1814 kan sjåast som ei logisk følgje av medborgarskapsideologien, ispedd ein porsjon naturrettsleg tenking. Slike tankar hadde aldri kunna fått fritt utlaup under eit eineveldig regime.²⁰

Fram mot midten av 1800-talet kom elles ei ny gruppe embetsmenn for alvor inn på arenaen i bygdesamfunna, nemleg distriktslegane. I sjølve yrkesgjerninga kom dei i verkeleg nærekontakt med allmugen. I medisinalmeldingar og andre rapportar ytra dei seg frimodig om bondeallmugen. Ytringane kan ha vore farga av at dei sjølve i langt større grad enn prestane hadde urban bakgrunn. ”Med tanke på at hovedandelen av de offentlige legene arbeidet i landdistriktene, hadde de ut fra sin bakgrunn en svakere basis for aksept i befolkningen enn prestene”, skriv Aina Schiøtz. I tillegg hadde dei lågare løn, dårlegare arbeidsvilkår og mindre tilknyting til det prestisjetunge embetsverket enn embetsbrørne.²¹

Kanskje var det altså eit skilje mellom ulike typar embetsmenn, men i tillegg kunne også embetsmenns og anna elites ytringar om bønder og bondekultur også variere enkeltpersonar imellom. Noko av dette kjem t.d. til syne i vurderingane av bøndene i debatten fram mot lokale sjølvstyreorgan.

Kan hende bør ein her også ha i tankane at grupper mellom bøndene medvite nærma seg embetsmennene og gjekk inn i rolla som ”medborgarar”, jamfør Lars L. Forseth ovanfor. Dette skjedde jo også på same tid som bøndene i store delar av landet tok til å meistre makthavarane sitt språk – både skriftleg og munnleg.²² Her finn ein element av det som vi i prosjektsøknaden s. 5–6 knytte til Norbert Elias sin modell om siviliseringssprosessen: at lågare grupper av eiga interesse prøvde å skaffe seg ferdigheiter som skulle til for å vinne

²⁰ ”Opplysningsa si tenking om allmenngyldige og umistelege rettar knytte til det einskilde individet nådde inn i eineveldet, men aldri direkte og ope. Dei stod i alt for klar motstrid til den juridiske grunnvollen i eineveldet og kravet frå den patriarchalske samfunnsordenen om vilkårslaus lydnad, skriv Arne Apelseth. Arne Apelseth 2008. Hans Strøm: Tilskueren paa Landet I-II. I: Eivind Tjønneland (red.). *Opplysingens tidsskrifter. Norske og danske periodiske publikasjoner på 1700-tallet*: 70.

²¹ Schiøtz, Aina. 2003. *Folkets helse – landets styrke 1850–2003. Det offentlige helsevesen i Norge 1603–2003*, bind 2; 142–46.

²² Reidun Høydal. 1996. Om gangsskulelæraren som bygdeelite: skriftkulturell meistring som sosial ressurs. *Heimen* 3: 201–06. Erling Sandmo. 1992. Saker og ting. Om opplysningsstiden i det norske bondesamfunnet. *Arr* 2: 24–33.

påverkingsmakt og posisjonar. Dels kan ein også trekke inn Pierre Bourdieu sine teoriar om strevet for å skaffe seg ”kulturell kapital”.

Frå og med etableringa av underoffisersskular frå ca. 1800 vart truleg underoffiserssjiktet meir enn før viktige formidlarar mellom stat/embetsstand og bondesamfunn. Desse kunne ein med fordel også i Antonio Gramscis perspektiv sjå som bygdefolkets organiske intellektuelle, jamsides med, og til dels integrerte i, lærarstanden.²³ Innanfor det stadig betre organiserte skulevesenet synest også lærarane å ha fått auka prestisje og dei stod i stadig tettare kontakt med prestane. Til saman er det då sannsynleg at dette også kom til å spele ei rolle for forholdet mellom embetsmenn og bønder meir generelt.

Likeins kan ein i delar av landet trekke inn kva betyding haugianismen fekk for rollefordeling og samverknad mellom embetsmenn og bønder, og korleis gruppene vurderte einannan. Ut i 1840-åra kjem også dei tidlege foreiningane på bygdene inn: misjonsforeiningar, måtehaldforeiningar, sokneselskap osv. Om også desse i stor grad var leia av embetsmannen, så innebar dei i alle høve ein annan type møte mellom bønder og embetsmenn. Ønsket til den radikale delen av den kristlege lekmannsrørsla om at kyrkja skulle påverkast nedanfrå, gjennom sine truande medlemer, fekk også møtet med dei geistlege embetsmennene til å endre karakter.²⁴

I dei tidlege formannskapa møttest jo også ofte embetsmannen som ordførar med bønder. Av og til kunne embetsmannen vere vanleg formannskapsmedlem og måtte stå andsynes ein bondeordførar. Her skulle dei, i alle fall formelt, på like fot ta viktige avgjerder. Merk også at ein del ombodsmenn som opphavleg var rekrutterte frå bonestanden og som hadde vore formidlarar mellom dei to gruppene, synest å ha blitt meir profesjonaliserte og dermed vel også fjernare i høve til bøndene. Dette gjeld i alle høve lensmennene, som ikkje lenger kunne kallast bondelensmenn.

Det faktumet at bøndene verkeleg fekk røysterett og kunne veljast som valmenn eller jamvel til stortingsmenn og seinare til formannskap og representantskap i dei nye kommunane,

²³ Jamfør Gramsci, Antonio I: *Pax leksikon*.

²⁴ Birger Løvlie. 2002. *Vestavind. 1870-årenes debatt om kristenliv og kirkeordning under innflytelse fra Skottland*: 30.

tilseier at dei får ei ny rolle i høve til embetsmennene. (I alle høve i den grad dei verkeleg prøvde å fylle dei rollene dei fekk tilgang til).

Alt i alt må det vere grunn til å rekne med at bønder måtte vurderast og behandlast meir på like fot av embetsmennene i tida etter 1814 enn det som før hadde vore vanleg. I kva grad dette likevel innebar at kontakten mellom dei vart tettare og møta kvalitativt annleis er kanskje meir uvisst. Mentorrolla som var introdusert på slutten av 1700-talet vart venteleg endå viktigare i takt med krafttak for betre skuleordningar m.m. Dersom J. A. Seip sitt begrep ”embetsmannsstaten” er treffande, heldt likevel embetsmennene lenge fram med å sjå på seg sjølve som dei som både var og burde vere leiande. Truleg var bøndene si nye rolle ved lokalt sjølvstyre ei meir avgjerande endring enn 1814-demokratiet.

Geografiske variablar

I vurderingane nedanfor er det lagt mest vekt på sentrum-periferi-skilnader. Implisitt ligg det også skilnader knytte til sosial struktur og næringsstruktur. Eg har likevel ikkje trekt særleg fram t.d. kyst- og innlandsskilnader.

1. Geografiske variablar knytte til grader av bondemotstand

Det er til ein viss grad mogeleg å påstå at på 1700-talet var bondemotstanden ulik regionar imellom. Bondemotstand kan rett nok ha ulike former, alt frå medvite omtolking av pålegg frå autoritetar, til latent motstand t.d. i form av ”gå sakte” til klarare sabotasje og vidare til open aksjonsmotstand.²⁵ Det sistnemnde har naturleg nok etterlate klare spor i kjeldemateriale og er såleis lett å kartlegge. I den grad den opne motstanden var retta mot embetsmennene kan det i alle høve ha samanheng med dårlig kommunikasjon mellom gruppene og mangelfullt nettverk frå embetsmannen til bøndene. Vestlandet hadde på 1700-talet fleire aksjonar retta mot embetsmenn enn andre landsdelar. Ein årsaksteori går rett og slett ut på at bondemotstand, i alle høve av det meir valdelege slaget, gjorde seg mest gjeldande der bøndene hadde knappast marginar, materielt sett. Dette er rett nok vanskeleg å måle.²⁶

Men avgifter og skattar kunne merkast meir direkte i nokre område enn i andre av andre grunnar. I alle fall kunne fleksibel tilgang til kreditt verke med til at auka skattekrev svei

²⁵ Sjå t.d. James C. Scott. 1989. Everyday Forms of Resistance. I: Colburn (red.): *Everyday Forms of Peasant Resistance*.

²⁶ Kåre Lunden. 2002. *Frå Svartedauden til 17. mai. Norges landbrukshistorie* bd. 2: 286, 348–49, 352.

mindre for kvar enkelt skattebonde. Vestlandsbøndene stod meir utanfor slike forskotterings-system, dei hadde til vanleg moderate gjeldsband og hadde såleis ei etter måten uavhengig økonomisk stilling. Vestlandsbøndene måtte verkeleg sjølve skaffe fram skattemynten, og dermed opplevde dei skatte- og avgiftsauke som meir dramatisk enn det bønder i andre landsdelar gjorde.

På nordisk plan refererer den svenske historikaren Harald Gustafsson til ein hypotese om samanheng mellom sosial og økonomisk struktur på den eine sida og politisk aktivitet på den andre. I Noreg ser det ut til at aksjonar og reaksjonar på 1700-talet var kraftigast i relativt homogene bondesamfunn, slik som på Vestlandet. Ståle Dyrvik kombinerer dette med materielle årsaker: motstanden mot til dømes dei pålagde fattigordningane var sterkest i område der bøndene hadde minst, men jamne kår. Samstundes var det slik at ”den sosiale likskapen gjorde dei meir handlekraftige andsynes styresmaktene”.²⁷

På dette grunnlaget kan vi likevel spørje om aksjonane var sterkest der styringsverk og kontrollapparat var svakast utbygd, og om dette spela like viktig rolle som dei sosiale og materielle kåra. Skilnader i maktutøving hadde sjølvsagt i høg grad også med avstand og kommunikasjon til maktsenteret å gjøre.²⁸

I høve til det politiske maktsenteret i København var sjølvsagt både Vestlandet og andre delar av Noreg periferi. Likevel fokuserte sentralmakta meir på Austlandet enn resten av landet fordi ho såg Austlandet, saman med austlege delar av Agder og til dels Trøndelag, som viktigare økonomisk sett enn Vestlandet. Austlandet og den austlege Agder-kysten hadde høgst urbaniseringsgrad og mest storstilt og kapitalkrevjande næringsaktivitet. Der fanst både tyngda av bergverka og av trelastnæringa i landet. Desse delane av landet var då også mest regulerte gjennom nærings- og privileiepolitikken til styresmaktene. Mange innbyggjarar var underlagde sirkumferensane til byar og verk. Tollinntektene kom også mest herifrå.

Militært sett fokuserte også styresmaktene mest på Austlandet på grunn av granneskapet til arvefienden Sverige. Talet på militære sjefar per innbyggjar var då også over tre gonger så

²⁷ Harald Gustafsson 1994. *Political Interaction in the Old Regime. Central Power and Local Society in the Eighteenth-Century Nordic States*: 77. Ståle Dyrvik. 1983. Avgjerdsprosessen og aktørane bak det offentlege fattigstellet i Noreg 1720–1760. I: *Centralmakt och lokalsamhälle – beslutningsprocess på 1700-tallet*: 175.

²⁸ Døssland 2006: 253–54.

høgt austafjells som vestafjells kring 1750.²⁹ Kystforsvaret på Vestlandet var av klart underordna betydning. Berre på Austlandet og i Trøndelag oppretta styresmaktene ryttargardar og ryttarregiment. Under krigane på 1600-talet hadde dei militære utskrivingane vore mest omfattande i stroka mot svenskegrensa. Det var først og fremst når det galdt Austlandet ein var oppteken av lojaliteten til innbyggjarane.³⁰

Det er såleis klart at detaljstyringa til sentralmakta gjennom lovverk og instruksar meir galdt Austlandet enn andre landsdelar. Dei åra det var statthaldar i Noreg, stasjonert på Akershus i Kristiania, var også han mykje meir oppteken av Austlandet og Agder enn av andre landsdelar. Det var ”svakare kontakt di lenger ein kom bort frå statthaldarens residens”, skriv Steinar Supphellen.³¹ Austlandet er elles eit så stort område at vi må ha all grunn til å rekne med store indre skilnader, skilnader som gjeld både næringsstruktur, sosial struktur og langs sentrum-periferi-aksar. På visse felt kan også avstand til svenskegrensa ha spela ei rolle.

Vi kan seie følgjande om einevaldstida: Der den eineveldige sentralmakta var fjern og det militære støtteapparatet langt unna, der stod også kongens embetsmenn meir fritt til å bygge personlege maktbasar. Dei stod også under svakare kontroll og kunne sko seg økonomisk eller komme fram til smidige løysingar i høve til allmugen når det galdt gjennomføringa av sentralmakta sine pålegg. Samstundes var dei svært sårbare dersom det likevel vart konflikt med lokalsamfunnet. Bøndene kunne enkeltvis lettare bli utsette for overgrep frå embetsmenn, men som kollektiv stod dei sterkt om dei verkeleg ønskte å gjere seg gjeldande. Samstundes var det særeigne økonomiske og sosiale moment som gjorde at bøndene på Vestlandet meir enn bønder i endå fjernare periferiar som Trøndelag og særleg Nord-Noreg greip til store aksjonar i akuttsituasjonar.³²

²⁹ Anne-Hilde Nagel. 1985. Styringsapparatet i Norge på 1700-tallet. I: *Administrasjonen i Norden på 1700-tallet*:112. I følgje ho var det 658 offiserar i det såkalla Sønnafjellske i 1750, medan det berre var 165 i det såkalla Nordafjellske. Dette har eg rekna vidare på i høve til stipulert folketal dette året i Dyrvik m.fl. 1979:124. Sidan det landmilitære legdssystemet ikkje var etablert i Nord-Noreg, er folketalet i denne landsdelen halde utanfor berekingane.

³⁰ Døssland 2006: 254.

³¹ Steinar Supphellen. 1983. *Statthalderinstitusjonen i Noreg 1722–1739*:147. Døssland 2006: 255.

³² Døssland 2006: 265–66.

2. Regionale skilnader når det gjeld påverking og interaksjon mellom dei to gruppene

Nokre av dei regionale skilnadene som er nemnde ovanfor kan vi også trekke inn når det gjeld den nærmere kontakten mellom dei to gruppene. Der embetsmennene var mest involverte i økonomisk aktivitetar utanom sjølve embetsgjerninga, oppstod det lettast patron-klient-band. Der det var store skilnader bøndene imellom, er det rimeleg å vente at ein bondeelite heva seg over dei andre også ved å ha tettare kontakt med embetsmennene. Der det var jamn sosial struktur stod derimot bøndene meir samla. Der embetsmannen ikkje utan vidare kunne setje makt bak krava sine, i periferien, var han også meir open for å söke alliansepartnarar innanfor bondesamfunnet.

I områda nær byar og større sentra hadde embetsmennene langt større spelerom når det galdt å ha sosial omgang på like fot med andre grupper. Det er ein klar tendens til at dei trekker inn i sjølve byen der dei har omgang med andre typar embetsmenn og i tillegg med dei fremste innanfor borgarskapet. Slik sett kan desse embetsmennene meir ha levd i si eiga lukka eliteverd, enn embetsmennene som budde ute i distrikta sine, omgjevne av ”lutter bønder”.³³ Dette betyr at vi må vente mindre spor etter tettare sosiale relasjonar til bøndene nær større byar. Kanskje var det også mindre aktuelt for desse embetsmennene å gå inn i roller som embetskjøpmenn. Det ville jo skape open konflikt i høve til det etablerte borgarskapet i byen som dei hadde sosial omgang med.

Ser vi dette nedanfrå, kan vi gå ut frå at bønder nær tunge administrative senter nok ville ha mindre spelerom enn bønder lenger unna. Det kan også tenkast at dei meir enn bøndene i periferien var påverka av den hegemoniske kulturen til byeliten inkludert embetsmennene. Likevel kan dette slå andre vegen: Bønder nær byen kan ha kjent seg så dominert og plaga av skyss og andre plikter at dei vart ”tvers og kontra” – generelt negative til både by- og embetselite. Dei kjende seg gjerne også trakkerte i bygatene. Dette synest særleg å ha vore tilfelle med ”strilane” kring Bergen. Vi kunne elles ha venta at bønder i bynære område meir enn andre var opptekne av å tilegne seg lese- og skrivekunnskap, endre kledrakt og byggestil osv for å hevde seg i høve til byfolket. For strilane ser dette ut til å ha slått ut i motsett retning: til

³³ Atle Døssland. 2008. ”Lutter bønder vare faddere til min daab.” Det prosjektet handlar om. http://www.hivolda.no/neted/upload/attachment/site/group12/AtleDossland_Raeder.pdf

det vi kan kalle ein motkultur.³⁴ Det verkar likevel av ymse grunnar ikkje som vi kan gjere dette gjeldande for bønder kring Kristiania, Trondheim osv.

Seinare i perioden må vi trekke inn kva ulik regional oppslutnad om folkerørslar hadde å seie: i første omgang haugianismen, seinare Thrannerørsla og Bondevenrørsla. Desse rørslene hadde ein klar brodd mot embetsmenn og til dels mot sjølve regimet. Kan det knytast band mellom dette og kva kontakt som eksisterte mellom dei to gruppene? Det er elles av interesse å trekke inn regionale skilnader omkring dei kommunale sjølvstyreorganane og embetsmennene si rolle der, t.d. som ordførarar.³⁵

³⁴ Atle Døssland. 2001. In the shadow of the town. Counter-culture and market economy in Northern and Middle Hordaland in the eighteenth century. I: Eliassen, Mikkelsen, Poulsen (red.): *Regional Interaction in early modern Scandinavia*: 247–262.

³⁵ Rolf Fladby. 1967. Bønder og embetsmenn i lokalstyringa etter 1837. *Historisk tidsskrift* 46: 21–53. Atle Døssland. 2003. Bønder, bøker og politikk. *Historisk tidsskrift* 82: 141–161.